



POLITIET

MØTEREFERAT

POLITIRÅDET I MELAND, LINDÅS OG RADØY

Deltakrar: Øyvind H. Oddekalv, Astrid Å Byrknes, Jon Askeland, Martin W. Kulild, Jarle Landås, Dina Dyrhovden, Olaf Hella, Kjell-Idar Vangberg, Svein Arne Hatlevik, Ivar Holmaas

Referatdato: 30.11.2018

Referent: Ivar Holmaas

Vår referanse:

Møtedato: 26.11.2018

Stad: Nordhordland lensmannskontor

MØTE I POLITIRÅDET 26.11.2018 KL. 1000-1215

1. Oppfølging av saker frå sist møte.

Det føreligg ikkje referat frå sist møte og difor har det vore vanskeleg å følgje opp alle punkt. Politiet ønskjer snarleg tilbakemelding på om kommunane ønskjer ein fagdag for dei psykososiale kristeteama våren 2019 i regi av lensmannskontoret i samarbeid med fungerande sokneprest i Radøy. Han jobbar til vanleg med krisehandtering som spesialfelt.

Oppfølging: Tilbakemelding frå rådmannsgruppa til lensmann Vangberg før 20.12.2018.

2. Oversikt kriminalitet/sivil rettspleie

Lensmann Vangberg gjekk gjennom diverse statistikk over ulike saksfelt innan ulike kriminalitetsområder i GDE Hordaland generelt og Nordhordland lensmannsdistrikt spesielt. Statistikken viser at Nordhordland lensmannsdistrikt har om lag 1/3-del av sakene på fleire områder av alvorleg kriminalitet i GDE Hordaland. Av saker totalt sett er det i underkant av 1/3-del av sakene i GDE Hordaland. Oppklaringsprosenten på vinningssaker er spesielt høg i Nordhordland lensmannsdistrikt i forhold til det som er vanleg.

Innan den sivile rettspleia er det stor auke i tal saker. Politiet tok opp utfordringa med at manglande betalt renovasjonsavgift til NGIR fører til at det vart starta sak for tvangssal av eigedom. Denne praksisen fører til mykje arbeid for Bergen tingrett og politiet.

Saka vart diskutert.

Nordhordland lensmannsdistrikt

Post: Postboks 33, 5902 Isdalstø
E-post: epost.nordhordland@politiet.no

Tlf.: 56355670

Oppfølging: Års-statistikk over kriminalitet og utvikling, samla og for kvar kommune, kjem i politirådsmøtet til våren. Lensmannen vil sende brev til NGIR og kommunane med oppmoding om å sjå på praksisen for inndrivning av renovasjonsavgift.

3. Kjernegrupper/førebyggjande teneste

Orientering ved lensmann Vangberg og leiar for politiet sitt førebyggjande arbeid, Svein Arne Hatlevik. Diskusjon. Det var gjennomført eit evalueringssmøte 14.11.2018. Det er naturleg med oppfølging av dei erfaringspunkt og punkt til forbetring som kom fram i den evalueringa.

Bruk av kjernegrupper har vist seg som eit godt tiltak i mange saker. Det er ulik praksis på dei ulike skulane i bruk av dette tilbudet. Dersom det vert auke i arbeidsmengda, vil politiet ha problem med å følgje opp slik ressursituasjonen er.

Saka vart diskutert.

Oppfølging: Retningslinjene for bruk av kjernegrupper bør bli justert. Justeringa må ha spesielt fokus på å gjere det mest muleg tydeleg om kva saker og problemstillingar som skal handterast ved hjelp av kjernegrupper. (Det vart ikkje peika ut ansvarleg for arbeidet).

4. TSU

Svein Arne Hatlevik orienterte om det omfattande arbeidet TSU har gjennomført dei siste 12 åra. Han peika på at mykje av arbeidet var gjort på dugnad i tillegg til at mellom anna politi og brannvesen har fått nytta arbeidstid til dette arbeidet. Lindås kommune og FTU (Fylkestrafikksikkerhetsutvalget) har gjeve økonomisk støtte kvart år. Gjensidigestiftelsen har dei siste 4 år støtta TSU med til saman 3 millionar kroner. Frå 1.1.2019 er det slutt på denne støtta og TSU har ikkje kapasitet til å halde fram med same høge aktiviteten som før. TSU sitt vidare arbeid må tilpassast økonomiske rammer. Førebyggjande arbeid for betre trafikktryggleik er eit ansvar mange har og tar, men TSU er avhengig av eit speislag for å halde oppe god aktivitet.

Alle ordførarane var positiv til det arbeidet TSU gjer. Lindås kommune har planar om å opprette ei 50 % stilling som også inkluderer arbeid som dei siste åra har vorte utført av TSU-koordinator.

Det vart informert om at det var forslag frå politirådet som vart gjennomført i Austrheim, om å ta opp ei sak i regionrådet. Ordførarane opplyste at TSU hadde vore tema der tidlegare. Kanskje grunnlag for ein ny gjennomgang.

Oppfølging: TSU vurderer sjølv kva aktivitetsnivå dei har kapasitet til. Kommunane vurderer kva økonomisk støtte det eventuelt er rom for å gje. Vidare avklaring skjer mellom TSU og kommunane i Nordhordaland, evt. regionrådet.

5. Beredskap

Ivar Holmaas orienterte kort om at beredskapen i lensmannsdistriktet er som den har vore sidan våren 2018. Ei patrulje 24/7 og resterande ressursar på dagtid. Ressurssituasjonen gjer at det kan bli lang responstid på enkelte oppdrag.

Frå 1.1.2019 vert det litt fleire operative tenestepersonar tilgjengeleg. Det er stort behov for å følgje opp alvorlege saker med etterforsking og kurs/utdanning/anna fråvær gjer at ordinær vaktturnus må fyllast opp. Lensmannsdistriktet planlegg med å ha to operative patruljer på enkelte dagar, kveldar og helger. På grunn av planlegging av turnus, går det frå 3 – 12 veker frå turnus vert planlagt til tenesta vert utført. God informasjon om ønskjer og aktivitet i kommunane, er positivt for å legge til rette for ønskt operativ aktivitet frå politiet.

Saka vart diskutert.

Oppfølging: Med auka operativ kapasitet vil politiet planlegge med fleire operative patruljer. Det er ønskeleg at politiet får informasjon om arrangement og aktivitet så tidleg at denne kunnskapen kan nyttast i tenesteplanlegginga.

6. Ressurssituasjonen

Lensmann Vangberg orienterte om ressurssituasjonen i GDE Hordaland generelt og Nordhordland lensmannsdistrikt spesielt. I budsjettet vil Nordhordland lensmannsdistrikt ha same tal tilsette frå 1.1.2019 som i dag. Jfr. sak 5 vil det verte nokre fleire operative.

Lensmannen opplever situasjonen som krevjande. Nordhordland lensmannsdistrikt er eit stort distrikt med 9 kommunar. Det er lange avstandar og det tar tid å nå fram til publikum på mange oppdrag og arbeidsoppgåver. Distriktet har om lag 28 % av befolkninga i GDE-Hordaland. Prosentvis del av kriminalitet og oppgåver er større enn dette, mens prosentvis del av ressursane er vesentleg lågare.

Saka vart diskutert.

Ordførarane opplyste at dei hadde vore i møte med politimeister Songstad og GDE-leiar Fosse den 19. november. I dette møtet hadde politimeisteren opplyst at Nordhordland lensmannsdistrikt frå 1.1.2019 ville få ei ny stilling og kanskje to. Politimeisteren hadde også lova at kommunane ville få eit brev som informerte om tilbodet politiet ville gje og bakgrunnen for ressursfordelinga.

Oppfølging: Politiet planlegg og gjennomfører tenesta ut i frå interne føringar og ressursfordeling. Ordførarane opplyste at kommunane vil følgje opp saka ut i frå dei opplysningane dei har.